



Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen  
Samferdselsdepartementet  
Kommunal- og moderniseringsminister Monica  
Mæland  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Hordalandsbenken

Dato: 25.06.2018  
Vår ref.: 2018/12169-1  
Saksbehandlar: anifjel  
Dykkar ref.:

## Byvekstavtale - fråsegn

Hordaland fylkesting har i møte 12.-13. juni 2018 samrøystes vedteke slik fråsegn:

### «Byvekstavtale - fråsegn

Fylkestinget merker seg at det er invitert til, og starta opp nye forhandlingar om ein framtidig byvekstavtale mellom Bergen, omegnskommunane Lindås, Os og Fjell, Askøy, Hordaland fylkeskommune og staten. Lindås, Os og Fjell er alle kommunar som skal slå seg saman frå 1.1.2020.

For desse kommunane vil det vere viktig at dei nye kommunane er med i desse forhandlingane rundt same bord. Det er lagt opp til at avtalen skal gjelda i ein 12 års periode og forhandlingane skal slutførast i løpet av 2018.

Samanslåingskommunane ynskjer at alle er med, og Hordaland fylkesting vil sterkt oppmode Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunane Alver, Nye Øygarden og Bjørnefjorden blir invitert direkte eller indirekte inn i forhandlingane.

Med helsing

Anne Gine Hestetun  
fylkesordførar